



Mange har spurt etter historia bak dette bildet.

Det er tydeleg at [artikkelen vår om bilda til Vidar Haugland](#) som var utstilt i Helgheim under haustfesten, har vekt interesse. Mange har kommentert og gjeve uttrykk for at den har engasjert dei, - særleg nokre av bilda som er innlegg i samfunnsdebatten. Også bildet av huskyen i fritt fall frå lemsvindauga har fått mange til å lura, og vi har bede Vidar fortelja historia bak det:

Monika, dotter vår, eig huskyen, og ho var vekke den helga som Viviann Brede og Torjusen-gutane gjesta Oska. Difor skulle vi på Gravene ha ansvaret for hunden.

Etter å ha vore i huset 2 netter, tenkte vi at Minni ville akseptere ein åleinekveld, slik at vi kunne gå på Oska saman med Lyse's.

Hunden vart sett inn i buret sitt, og vi låste alle dører og stengte alle glas, - trudde vi.

Litt ut i konserten kom det telefon frå naboen om at dei hadde ein hund sitjande på trappa, - som gjerne ville inn

til deira St.Bernhardshund.

Minni hadde kome seg ut av buret, opna nokre innedører og funne eit ope glas i eit rom i 1.etasje. Glaset vart stengd, hunden innsett i buret igjen, og ned til konsertavslutning.

Etter konserten gjekk turen raskt heim, og no vart vi møtte av ein hund som sat attmed naboen sitt hus og framleis ville inn til St.Bernardshunden.

Vi tenkte at Minni ville vere glad for at hundevaktene kom heim, men det var feil.

Ho sprang nedetter dalen og eg gjekk etter, heilt til Heio. Då forsto eg at ho hadde lurt meg og snudde.

På veg oppover vart eg møtt med melding om at Minni var på veg mot Musland, og vi køyrde etter ho.

Men ho lurte oss igjen.

Då vi kom tilbake frå Musland, sat ho utfor huset til naboen og såg på oss.

Kva no?

Kanskje ho ville inn til nabohunden? Vi gjekk til naboen si inngangsdør og ropte på ho.

Då kom ho.

Vi vart gode venner igjen og gjekk inn, - for godt.

Kva hadde skjedd?

Minni hadde enno ein gong kome seg ut av buret, opna alle innedører nede, men ikkje funne noko ope glas.

No var gode råd dyre, så ho tok trappa til annen etasje, opna nokre romdører og fann eit soverom med ope glas

og flogenetting framføre. Ho trykte då ut treramma med flogenetting og hoppa nøgd etter.

Kanskje slik som biletet viser, kanskje på ein annan måte. Kven veit?

Men Minni var uskadd og roa seg med folk i huset.

Tekst og foto: Vidar Haugland

Nett: Thor Inge Døssland